



Rogaland Planbygg AS  
Skvadronveien 27  
4050 SOLA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7209 - 14/23943

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
24.10.2014

## Ferdigattest - gbnr 108/258 Lindås - seksjon 1 -4

**FERDIGATTEST**  
etter plan og bygningslova § 99 nr.1

Det vert vist til ferdigmelding, motteken her 06.09.2005

Den gongen mangla det fleire kontrollerklæringar, og det vart ikkje gjeve ferdigattest. I samband med vidaresal av husvera er søknad om ferdigattest komplett. Moelven ByggModul AS leverte både søknad om ansvarsrett og kontrollerklæringar for PRO/UTF/KUT for bustadmodulane, men godkjenning av søknaden vart ikkje skriven inn i vedtaket. Forholdet er retta opp i dette dokumentet. Det vert lagt til grunn at innvendige sanitærinstallasjonar ligg i modulproduksjon og -montering.

### Delegert vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova av 1985 §§ 93, 93b, 97, 98 og 98a, er Moelven ByggModul AS godkjent som ansvarleg føretak for PRO/UTF/KUT for modulbygg over grunnmur eksklusiv yttertak for oppføring av bustadbygg med 4 bueiningar.
2. I samsvar med plan- og bygningslova av 1985 § 99 vert det her gjeve ferdigattest for tiltaket.

### Spesifikasjon.

Byggestad: Gbnr 108/258 seksjon 1 – 4  
Type tiltak: Bustadbygg med 4 bueiningar , bygningsnr 239832730  
Vedtak: Delegert sak nr 053/05, 28.02.2005  
Ansvarleg søkar: Rogaland Planbygg AS  
Heimelshavar: Stillas AS

- Ferdigattesten er gjeven etter byggereglane som var gjeldande då søknaden om byggeløyve vart godkjent.
- Ferdigattest vert gjeven på grunnlag av ferdigmelding og kontrollerklæringar mottekne i 2005, 2011 og 2014

- Ferdigattest er ikkje ei stadfesting av den tekniske kvalitet på bygget, men stadfesting av bygningsstyresmaktene si avslutting av saka

**Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf Fvl § 28. Det er oppretta kommunal klagenemnd i samsvar med kommunelova. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Knut Bjørnevoll  
tiltakshavar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Privatmegleren Vikebø & Jørgensen Kvernhusmyrane 5 5914  
Stillas AS Gangstøvegen 24 5911

ISDALSTØ  
ALVERSUND

**Mottakarar:**

Rogaland Planbygg AS Skvadronveien 27 4050

SOLA